



2019

HEMSEDAL KOMMUNE



Årsmelding

2019

INNHOLD

1. Rådmannen sine resultatvurderingar.....	1
2. Samfunnsperspektivet.....	3
2.1 Politisk verksemd og organisasjonskart	3
2.2 Hemsedal som kultur og idrettskommune.....	5
2.3 Oppvekstmiljø – barn og unge	5
2.4 Helse, velferd, omsorg.....	5
2.5 Bustadsutvikling	5
2.6 Utbygging	6
2.7 Næringsutvikling.....	6
2.8 Miljø.....	7
2.9 Samferdsel og kommunikasjon	7
2.10 Samfunnssikkerheit og beredskap	7
3. Tenesteperspektivet	8
3.1 .. Kultur og oppvekst	8
3.2 Helse og omsorg	9
3.3 Teknisk etat	10
3.3.1 Eidegom	10
3.3.2 Forvaltning (Byggjesak, plan, matrikkel, landbruk, miljø og næring).....	10
3.3.3 Drift (Renovasjon, vatn, avlaup).....	11
3.3.4 Drift (veg).....	11
3.3.5 Landbruk, miljø og næring.....	12
4. Medarbeidarperspektivet.....	13
4.1 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta.....	13
4.2 Kompetanseutvikling	13
4.3 Arbeidsmål.....	13
4.4 Sjukefravær	14
4.5 Internkontroll	15
4.6 Likestilling	15
5. Økonomiperspektivet.....	16
5.1 Driftsrekneskap	16
5.2 Netto driftsresultat over tid	17
5.3 Driftsinntekter over tid.....	18
5.4 Frie inntekter over tid.....	19
5.5 Driftsutgifter over tid	19

5.6 Løn og sosiale kostnader – over tid.....	20
5.7 Verksemndene – avvik rekneskap.....	21
5.7.1 Rådmannen med stab – sentrale inntekter og kostnader (alle tal i heile 1.000 kroner)	21
5.7.2 Kultur og oppvekst (alle tal i heile 1.000 kroner)	22
5.7.3 Helse og omsorg (alle tal i heile 1.000 kroner).....	22
5.7.4 Teknisk (alle tal i heile 1.000 kroner)	23
5.8 Investeringsrekneskapen.....	24
5.9 Balansen – nokre viktige samanhengar.....	26
5.9.1 Fondskapital	26
5.9.2 Lånegjeld	27
5.9.3 Andre fordringar.....	27
5.10 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune – andre kommunar	28
5.11 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune over tid	29

1. Rådmannen sine resultatvurderingar

Årsmeldinga er ei oppsummering av året som er gått, og gir status for dei ulike områda som kommunen prioriterte i Handlingsprogram 2019-2022.

Kommunen får ei stadig sterkare rolle både som samfunnsaktør og tenesteprodusent. Det er store forventningar til kommunens oppgåveløying, mens rammeoverføringane ikkje aukar i same takt. Endringar i samfunnet generelt og tenesteproduksjonen spesielt, gjer at kommunen må tenke nytt både når det gjeld kompetanse, organisering, arbeidsmetode og måten ein involverer folk på. Det er kommunestyret som vedtar korleis utviklinga av lokalsamfunnet skal vere gjennom kommune-plan og arealplanar som er utarbeid i 2019. Det har likevel vore brei involvering og stort engasjement frå folk, grender, lag og foreiningar i kommuneplanprosessane i 2019. Vedtak og planer bestemt av kommunestyret elles er i all hovudsak gjennomført.

Kommunen har gjennom året hatt folk i dei fleste stillingane, sjølv om det kom ein del oppseiningar i sentrale stillingar heilt på slutten av året. Vi har noko høgare sjukefråvær enn året før, men arbeidsmiljøet er stort sett veldig godt, og prega av optimisme. Vedtak og planar bestemt av kommunestyret er i all hovudsak gjennomført.

Økonomi:

Netto driftsresultat er eit mål på kommunen si handlefridom, og Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 1,75 % av brutto driftsinntekter. Hemsedal kommune har i 2019 eit netto driftsresultat på kr. 5,538 mill. kr. (3,878 mill. i 2018), tilsvarannde 12,12 % av brutto driftsinntekter (1,58 % i 2018).

Bak dette talet ligg reduserte kostnader som følgje av premieavvik på 3,55 mill. kroner, auka inntekter frå premiefond KLP med 2,246 mill. kroner og inntekter frå sjølvkostområdet på 4,996 mill. kroner. Ingen av desse pengane blir budsjettert med og ingen av desse beløpa har vi reell styring med. Det reelle netto driftsresultatet er difor negativt – rekna til minus 5,255 mill. kroner, men mindre negativt enn budsjettet.


Tenester:

Det har vore eit krevjande år, spesielt for omsorgssektoren og oppvekst. I omsorgsektoren har dei hatt ein vekst i talet på brukarar både på institusjon og i heimetenestene. I oppvekst har det kome fleire nye sakkyndigvurderingar som resulterer nye vedtak. Dette har ført til at spesielt desse to etatane har brukt meir midlar enn budsjettert. Inntrykket er likevel at kommunen har god økonomistyring, ei nøktern og effektiv drift etter den organiseringa me har i dag, og at vi er i stand til å yte gode tenester til ulike brukargrupper, utan overdriven bruk av ressursar. Fordi Hemsedal er ein vekstkommune er det stort press på tenestene og stor aktivitet på alle område. Veksten er positiv fordi den gir fleire innbyggjarar, fleire arbeidsplassar og fleire inntekter, men den gir også utfordringar for administrasjonen då det er ønskjeleg og forventa at kommunen tek ei aktiv rolle som næringsutviklar, samfunnsaktør og tenesteprodusent. I 2019 har det, i alle etatar, vore arbeid mykje med å forberede vidare vekst. Kommunen har rullert arealdelen og fleire store reguleringsplanar, det er lagt planer for nye bustadomter og ny vassforsyning og det er lagt til rette for sykkelsatsing og auke i sommarturisme. Vidare er det arbeid med ny sentralskule, nye helse og omsorgsbygg og gjort utredningar omkring nye idrettsbygg utan at endeleg løysing er vedteken. Alt dette er formål for å møte veksten, samtidig som det er eit ambisjonsnivå som er i største laget for ei liten administrasjon.

Rådmannen vil rette stor takk til alle dei dyktige, kompetente og positive tilsette , som produserer gode tenester, som sørger for fornøgde brukarar og som står på for at Hemsedal skal bli klar for vidare vekst. Rådmannen vil også framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen si tenesteyting saman med frivillig arbeid og innbyggarinvolvering er viktig både for omdømme, bulyst og folkehelsa i bygda.

Folketal:

Folketalet auka også i 2019. Hemsedal hadde ved årsskifte 2488 innbyggjarar, ei auke på 7 personar. Hemsedal har ei relativt ung befolkning. Dersom ein ser utviklinga over tid er det uvanleg mange innbyggjarar i 30-, 40- og 50-års-alderen, samanlikna med korleis det var på ved årtusenskiftet.



Diagrammet over illustrerer korleis aldersfordelinga har endra seg på 19 år.

2. Samfunnsperspektivet

Samfunnsperspektivet omhandler kommunen som samfunnsaktør som skal utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Det skal leggast til grunn forvaltning, tenesteproduksjon, strategisk planlegging og næringsutvikling på tvers av etatar.

2.1 Politisk verksemد og organisasjonskart

Kommunestyret har hatt fylgjande samansetning (1.10–31.12.2019):

Pål Rørby, ordførar	Senterpartiet
Petter Owesen, varaordførar	Arbeiderpartiet
Norunn Rivedal	Senterpartiet
Nils Erik Finset	Senterpartiet
Hege Elisabeth Falck-Andersen	Senterpartiet
Petter Brennhovd	Senterpartiet
Anders Edvard Snildal	Senterpartiet
Helene Sagabråten	Arbeiderpartiet
Kjell Erik Skølt	Arbeiderpartiet
Andreas Smith-Erichsen	Høgre
Jan Egil Halbjørhus	Høgre
Anne Grethe Fremgaard	Høgre
Camilla Cecilie Underland	Høgre
Jørgen von Tangen	Høgre
Ingar Nergård	Kristeleg Folkeparti
Steinar Bleken	Venstre
Arnt Skansen	Sosialistisk Venstreparti

I politikk er 2 + 2
ofte 3, undertiden
5, men aldri 4

Aristide Briand


Kommunestyret har hatt fylgjande samansetning (1.1–30.9.2019):

Oddvar Grøthe, ordførar	Senterpartiet
Kjell Erik Skølt, varaordførar	Arbeiderpartiet
Tove Eggen Lien	Senterpartiet
Pål Rørby	Senterpartiet
Torstein Tuv	Senterpartiet
Petter Owesen	Hemsedal Bygdeliste
Marit Foss	Hemsedal Bygdeliste
Jørgen Aamot	Hemsedal Bygdeliste
Ove Fekene	Hemsedal Bygdeliste
Janne Merete Brøndbo	Arbeiderpartiet
Olav Syversbråten	Arbeiderpartiet
Maria Jartman	Høgre
Odd Holde	Høgre
Olav Støyten	Kristeleg Folkeparti
Ingar Nergård	Kristeleg Folkeparti
Steinar Bleken	Venstre
Ellen Margrethe Stabursvik	Sosialistisk Venstreparti

Administrativ organisering

Hemsedal kommune er organisert etter hovudutvalsmodellen, med delegering fra Kommunestyret. Formannskap fungerer og som kommuneplannemnd.

Administrativt er kommunen organisert med ein etatsmodellen med 3 etatar.



Tabellen under viser utvikling i talet på politiske saker frå 2014-2019:

Saker	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunestyret	92	116	143	98	106	130
Formannskap	92	80	93	80	70	85
Plan og ressurs	105	97	100	104	106	91
Livsløp	39	54	87	43	50	45
Kommuneplanutvalet				16	20	30

Tabellen under viser delegerte saker fordelt på utval.

Delegerte saker	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Plan og ressurs	394	465	470	484	503	528
Livsløp	15	24	14	36	28	28



2.2 Hemsedal som kultur og idrettskommune

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Utarbeide Kulturminneplan	Starta opp kartlegging av viktige kulturverdiar med ekstern ressurs.	
Sette i verk dialektfremjande tiltak	Arbeidet er påstarta	
Utarbeid partnarskapsavtaler med lag/organisasjonar	Arbeidet er påstarta	

2.3 Oppvekstmiljø – barn og unge

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Setje i verk tiltak jf. Ungdata	Utdanna Innsatsteam, ny pulje inkluderande barnehage- og skolemiljø.	
Innføre betre tverrfagleg innsats (BTI) som verktøy for tidleg innsats og brukarmedverknad	Siste del av arbeidet vert gjort våren 2020	
Redusere barnefattigdom	Gjennomført sommaraktivitet og påsketilbod for familiar med låginntektsfamiliar eller andre utan tilbod. God respons. Bør utviklast vidare.	

2.4 Helse, velferd, omsorg

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Utvikle tettare samarbeid med Frivilligsentral og oppvekst	God samarbeid, møte hver 14. dag og bruk av appen Nyby.	
Innføre velferdsteknologi	Prosjektfase i Hallingdal ferdig i juni, lev. valt, vidare implementering vert kontinuerleg	
Utarbeide plan for utvikling og investering i bygg til ulike formål.	Plan for kommunale bygg, «helsetilstand», og grunnlag for prioriteringar vert følgt jf. øk.plan	

2.5 Bustadsutvikling

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Regulere og etappevis opparbeide bustadfeltet - BU7 (alt. BU6)	BU7 - Reguleringsplan klar for 2. gongs behandling – grunnlag 55 ny bustadeiningar	
Ferdigstille reguleringsplan for Tuv sentrum	Godkjent reguleringsplan ref. K-styremøte des.	

Utfordre næringa på realisering av sesongarbeidarbustad	Sikra grunnlag for realisering gjennom rekkefølgjekrav i nye reguleringsplanar.	
«Stimulere» realisering av nytt privat bustadfelt, «Rudningen»	Reguleringsplan klar for 2. gongs behandling. Potensial 30 nye bustadeiningar.	
Ta stikkprøvekontroll av at buplikt vert ivareteke i regulerte felt	Løpende stikkprøvekontroll der ein sjekkar om bustad registrert bustad i kommunen har registrert bustadadresse i folkeregister.	

2.6 Utbygging

Mål 2019	Gode resultat, gjennomført eller i rute	
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
	Manglende resultat – ikkje gjennomført	
Mål 2019	Status	
Følgje opp intensjonen i «senger i næring» i aksjen Trøym-Holdebakken-Skarsnuten-Tinden	Alle nye reguleringsplanar er presise i høve krav. Ikkje vore kapasitet til å følgje opp «kontroll».	
Etablere ein «områdemodell» som sikrar finansiering av «grøn infrastruktur» i Trøym sentrum – Holdebakken.	«Mal» for utbyggingsavtale mellom sentrumsverksemder og kommunen er godkjent.	
Greie ut alternativ drikkevasskjelde for mogeleg utvikling i Røggjelia	Vert utsett – kjem som eit deloppdrag knytt til områdeplan for Røggjelia.	
Utvikle ein modell for «aktive lokalsamfunn» der ansvar frå «kommunalt» til «lokale» vert tydeleggjort, og forventningsavklaring formalisert	Utarbeida prosjektplan for gjennomføring. Vert politisk forankra og følgt opp i 2020.	

2.7 Næringsutvikling

Mål 2019	Gode resultat, gjennomført eller i rute	
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
	Manglende resultat – ikkje gjennomført	
Mål 2019	Status	
Avklare med grunneigar og regulere næringsareal Brendehaugen/Svø	Kartlegging av ledig bustad- og næringsareal for sal jf. godkjente reg.planar er starta opp. Arbeidet med å sjekke grunnforholda med grunneigarane med tanke på realisering av næringsarealet på Brendehaugen er i gang.	
Følgje opp «masterplan sykkel» og arbeid med å sikre finansiering av naudsynte investeringar	Det er søkt spelemidlar samt sikra communal delfinansiering for gjennomføring av fase I. HAAS AS står for gjennomføring.	
Identifisere indikatorar for tilflytting, og systematisere desse til «produktpakkar» - jobb – bustad – barnehage- kultur	Arbeidet har ikkje starta opp. Ligg og som tiltak i 2020.	
Avklare kommunen sin rolle og ressursbruk i høve regionalt forprosjekt «Hallingdal Innovasjon», og Etableresenteret samt utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap.	Regionalt «forum for næringssamarbeid» er etablert med månadlege nettverksmøter. Idekonkurranse «Start Upp Hallingdal» og Innovasjonsløft er etablert.	
Delta i næringa sitt strategi- og omdømmearbeid med mål om ein felles merkevareplattform for Hemsedal	Kommunen har vore deltakande i Destinasjon Hemsedal sitt arbeid med merkevareplattform.	

2.8 Miljø

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Kartlegge kultur-/miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn for framtidige areal- og utbyggingsplanar.	Gjennomført kartlegging av verdifulle friluftsområder. Ligg og som tiltak i 2020.	
Gjennomføre min. to fellesmøter med næringa som ledd i løpende miljøleiing/ klimaråd.	Gjennomført felles klimarådsmøter med HTTL, samt fleire tiltak i regi av kommunalt Klimaråd. Det er søkt og løyvd statstilskot til forprosjekt sentralskule /omsorgsbustader.	

2.9 Samferdsel og kommunikasjon

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Kartlegge og prioritere utbygging av breiband i grendene. Underlag for regionale søknader om statlege prosjekt/- programtilskot	Det er søkt, og løyvd kr. 500.000,- til fiberutbygging Eikre – Huso av sentrale midlar. Kartlegging av nye tiltak ligg i Handlingsdelen 2020	
Arbeide for ei generell standardheving av Rv7/Rv52, i tillegg til prioriterte investeringstiltak. Arbeide for opprusting av Bergensbanen og realisering av Ringeriksbanen	Høyringsuttaler, men og presentasjonar og møter med SVV/ Fylkesvegsjef der kommunen sine behov på kort og lang sikt er formidla.	
Mobilisering – jobbe gjennom alle kanalar for å få gods frå veg til bane	Målretta arbeid er ikke starta opp.	

2.10 Samfunnssikkerheit og beredskap

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Holde planverk oppdatert	Gjennomført	
Gjennomføre beredskapsøvingar	Gjennomført	

3. Tenesteperspektivet

3.1 Kultur og oppvekst

			Gode resultat, gjennomført eller i rute
			Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
			Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019			Status
Gjennomføre Inkluderande barnehage- og skulemiljø, auke kompetansen rundt avdekking og tiltak mot mobbing, og bruke rettleiing som metode for utvikling av personale.	Inkluderande barnehage og skule miljø pulje 4 er gjennomført. Rapport er sendt til Fylkesmannen. Vi er i gang med pulje 4 og fortset arbeidet med å bli betre på å avdekke og setje i verk tiltak. I vidare arbeid er styrka foreldresamarbeid eit av måla.		Yellow
Avslutte og evaluere samarbeidet mellom vidaregåande, grunnskulerektorar, PPT og skulefagleg ansvarlege.	Samarbeidsmodellen er etablert og vil halde fram.		Green
Ferdigstille 1. utgåve av Språk- og leseplan for 1.-10. trinn.	1.utgave er ute til bruk på 1.-10. trinn		Green
Vidareføre arbeid med pedagogisk og adm. samanslåing av skulane.	Arbeidet pågår. Det er starta eit større arbeid med å involvere ikkje berre tilsette, men FAU, elevar og politikarar gjennom Skuletinget.		Yellow
Ha eit kulturskuletilbod der alle skal få minst eitt tilbod.	149 elevar får skulturskuletilbod. Det vert gitt 203 tilbod som betyr at nokon har fleire tilbod.		Green
Utarbeide ein plan for arealbehovet til kulturskulen i framtida.	Det er sett i stand fleire rom til undervisning og arealet bak scena er så å seie ferdig.		Green
Utvikle ein plan for korleis biblioteket kan vera med å skape leseglede .	Dette har vi ikkje hatt tid til å starte med.		Red
Legge til rette for fjernstudiar frå Hemsedal	Eit arbeid som no har vorte ein del av det daglege arbeidet vårt. Vi får gode tilbakemeldingar frå studentar, som gir uttrykk for at biblioteket tilbyr gode tenester.		Green

3.2 Helse og omsorg

			Gode resultat, gjennomført eller i rute
			Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
			Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019			Status
Styrke kompetanse i tverrfaglege team saman med oppvekst			Vi har starta å jobbe saman om BTI, dette arbeide vil gå over tid
Vidareutvikle bruk av samtykke og teieplikt, for å styrke samarbeidet mellom helset og oppvekst			Vi er i gang med dette arbeidet
Synleggjere ansvarsområda til helsestasjonen og psykisk helse gjennom bruk av BTI			BTI vert implementert og vi jobbar nå mot konseptet Familiens Hus
Styrke behandlingstilbodet til barn og unge med lette til moderate psykiske vanskar			Det vart søkt om midlar til FIT (verkty for å gi betre tenester) Midlar motteke i 2019 og vert sett i verk 2020.
Utvikle tiltak retta mot levekårsutsette barn			Gjennomført
Løyse behovet for sjukeheimspllassar og omsorgsbustadar for kort sikt			Bråtenjordet er ute på anbod. Styrka heimetenestene og teke i bruk korttidspllassar som langtidspllassar
Innføre velferdsteknologi og vidareføre kvardagsrehabilitering			Kvardagsrehabilitering er vidareført Velferdsteknologi er igangsatt
Utgreie moglegheit for interkommunalt samarbeid om bustadar for rus og psykiatri. Kartlegge behovet i bustadsosial handlingsplan			Arbeide er ikkje sett i gang
Gjennomføre kurs i psykoedukativt familiesamarbeid i regi av Vestre Viken.			Gjennomført
Innføre FACT (ambulante team) i samarbeide med Vestre Viken.			Gjennomført
Løyse ei akutt teneste- og bustadutfordring for ein brukar			Midlertidig løysning inntil nybygg Bråtenjodet er på plass
Betre aktivitetstilbodet for personar med utviklingshemming			Igangsett
Bygge opp eit avlastningstilbod, kompetanse, bemanning og lokaliteter for åtferdsvanskar			Igangsett
Delta i innovative rehabiliteringsprosjekt via Hallinghelse			Gjennomført
Utforme anbodsdocument velferdsteknologi Hallinghelse			Gjennomført
Lage ein plan for korleis vi skal integrere flyktningane og få dei ut i arbeid eller som annen bidragsytar i lokalsamfunnet			Arbeide er ikkje sett i gang
Betre samhandling med læringssenteret ved å ha større fokus på arbeid tidleg i programmet. Evaluere etter kort			Arbeide er ikkje sett i gang
Kartlegge moglege språk- og arbeidstreningspllassar innanfor avdelingane i Hemsedal kommune			Arbeide er ikkje sett i gang

3.3 Teknisk etat

3.3.1 Eigedom

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Gjennomføre investering og drift i tråd med FDV-dokument.	Gjennomført investeringar i tråd med ramme og prioriteringar. Etablert ny modulbarnehage Ulsåk. Ferdigstilt EPC- investering med sluttrapport.	

3.3.2 Forvaltning (Byggjesak, plan, matrikkel, landbruk, miljø og næring)

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikke gjennomført
Mål 2019	Status	
Halde ajour adresseringsprosjekt i tråd med Kartverket sine mål	Langt på veg gjennomført i tråd med mål. Pr. årsskifte 96,10 % ajour.	
Etablere møteplass for utbyggjarar, handverkarar, private planleggjarar og entreprenørar for kunnskapsdeling innan relevante fagområder	Ikkje prioritert fellesmøter i 2019 ref. tilbakemelding frå næringa. Ikkje vurdert som avgjerande.	
«Matrikkelvask», i samband med innføring av generell eigedomsskatt	Starta opp, men endeleg «kontroll» vert fullført i 2020.	
«Mindre vesentleg endring» - oppdatere eldre reguleringsplanar Trøym sør, og Trøym sentrum, for å sikre føreseieleg byggesaksbehandling, nok friareal/ leikeareal og mogeleggjere fortetting	Planarbeidet starta opp – 1. gongs behandling vinter 2020.	
Auke tall på tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggjesak og ulovleg byggearbeid	Arbeid starta opp, men berre i mindre grad grunna ressurssituasjonen ved etaten.	
Gjennomføre prosjekt – «Interkommunalt VA-kontor» basert på vertskommunesamarbeid, for behandling av søknadar om spreidd avløp, plan og tilsyn jf. regional plan for vassforvaltning.	Gjennomført som planlagt – jfr. eigen prosjektplan. Vertskommuneavtale med Ål kommune underskrive og godkjent av kommunestyret	

3.3.3 Drift (Renovasjon, vatn, avlaup)

Mål 2019	Gode resultat, gjennomført eller i rute
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
	Manglende resultat – ikke gjennomført
Vedlikehald og investering av vatn og avlaupsnett i Hemsedal kommune ihht hovedplan for VA	I det store gjennomført i tråd med hovedplan for VA.
Etablere nytt anlegg for kjemisk rensing av membranar for Ulsåk Reinseanlegg	Gjennomført i tråd med plan.
Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.	Gjennomført forprosjekt, med kontrakt for gjennomføring av hovedprosjekt.
Prosjektere nytt avlaupsreinseanlegg på Tuv prosjektering i 2019, gjennomføring i 2020-2021	Forprosjekt gjennomført – vert jobba med vidare prosjektering. Truleg vil overføringsleidning frå Tuv til Trøym vil vere ein betre løysning.
Utviding av Holdebakken høgdebasseng, samt erstatte vassledning mellom Rådyrlia og Holdebakken	Gjennomført etablering av ledningsanlegg Rådyrlia – Holdebakken. Prosjektering av høgdebasseng ferdig. Underlag anbod OK.
Utviding av returpunkt Holdebakken i tråd med nye behov, samt inngå grunneigaravtaler for eventuelt utviding av kontainerplassar	Utsatt gjennomføring av tiltak. Skal utarbeide ein heilskapleg plan for avfallshandtering i området og på bakgrunn av denne avgjere utbygging av nye returpunkt.

3.3.4 Drift (veg)

Mål 2019	Gode resultat, gjennomført eller i rute
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
	Manglende resultat – ikke gjennomført
Avklare framtidig drift/eigarskap – etablering av veglag del av «Panorama-vegen» i Hemsedal - frå Engebretsgard til kommunegrensa, jf. K-sak 82/1	Innhenta høyringsuttaler frå partar som har tilknytning til vegen. Førebudd sak som kjem i 2020
Etablere avtale om kostnadsdeling med utbyggjar av BU9 for opprusting opp Øynevegen jf. rekkjefølgjekrav i reg.plan for BU9	Gjennomført
Utskifting av veglys – erstatte kvikksølvdump pærer med LED-armatur	Er gjennomført i tråd med plan for skifte.
Gjennomføre sikringstiltak på gml.Venås bru etter overtaking	Ikkje gjennomført. Formell aksept frå Vegmynde mangla – stoppa prosessen.
Reforhandling av nye brøytetekontrakter på nye anlegg kommunen får ansvar for ref. g/s-veg Holdebakken Tuv og Lauparvegen	Gjennomført
Gjennomføre uavhengig brukkontroll på gangbru v/ Tuv vassverk, og hengebrua Rjukandefossen	Gjennomført
Gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen for etablering av g/s- veg lanomføringsavtalegs RV-52 - Trøym – Holdebakken for realisering av BU7	Ikkje påstarta. Gjennomført møte med vegmyndigheter, men manglar underlag for å gå vidare med ei gj.føringsavtale.

3.3.5 Landbruk, miljø og næring

Mål 2019	Gode resultat, gjennomført eller i rute
	Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
	Manglende resultat – ikkje gjennomført
Ferdigstille erosjonssikring og oppgradering av Skogshornstigen.	Gjennomført
Gjennomføre «forprosjekt – Felles søppelprosjekt» - samarbeid næring/kommune	Gjennomført møte med HTTL og Innkjøpslaget. Fellesmøte i regi av HTTL og næringa vart utsett – ressursgrunnar.
Bidra til ein driftsmodell for «Bruøyne friluftsområde»	Ikkje starta opp grunna manglende avklaring knytt til realisering av gangbru over til Bruøyne
Gjennomføre fellesmøter om beitelovgjeving, rettar og plikter, samt fokus på rekruttering innan landbruket jf. landbruks- og beitebruksplan	Gjennomført møter med næringa.
Stimulere til at vekstklynger som «Hemsedal Veksthus», o.l trekk til seg gründerverksemder og investeringskapital	Ulike møter med næringa ref. arbeid med næring og gründere. Kartlagt lokalitetar, synleggjort potensial for ulike partar.
Støtte og stimulere småskalaprodusentar	Gjennomført.
Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal	Gjennomført, men ikkje auka tilsynsressursane.
Vere ein pådrivar for oppstart av «Bachelor utdanning reiseliv»	Gjennomført – mellom anna avtaleforslag med universitetet i Stavanger utforma.
Oppretthalde talet på miljøfyrtårnverksemder, og stimulere til minst to nye «Miljøfyrtårnverksemder» i året	Sparebank 1 Hallingdal og Valdres samt Hemsedal Taxisentral vart sertifisert. I tillegg er Helselaben, Vinmonopolet, Lodgen spiseri, og Hemsedal cafe resertifisert.
Bistå Hemsedal Idrettslag med å etablering av gangbru, og turvegnett for mjuke trafikkantar som tillegg til næring	Ulik prosjektavklaring, og arbeid med finansiering av ny gangbru over til Bruøyne. Nytt tiltak frå sept. Kommunen har overteke ansvar.

4. Medarbeidarperspektivet

4.1 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta

Rådmannen har framleis stor fokus på samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta både gjennom AMU og andre uformelle og formelle møteplassar, både på toppnivå og ute i verksemndene. Rutine for medverknad som skal sikre at partane i arbeidslivet kan ha dialog og drøftingar om til dømes arbeidsgjevarstrategi, administrative prosedyrar og arbeidsmiljø vert følgt opp.

4.2 Kompetanseutvikling

Arbeidet med ei prosedyre for kompetanseutvikling ble etter samarbeid med tillitsvalde fullført i 2019. Det blir gjennomført mange nødvendige kurs og oppdateringar innan dei ulike fagområde, og kvar etat har sine eigne planar i forhold til kommunens behov. Vi har tilsette som er under utdanning, anten som fagarbeidar eller til høgare utdanning sjølv. Hemsedal kommune har sett av små midlar til dette formålet, men der det er mogleg blir det søkt om eksterne midlar til kompetanseutvikling. Når det gjeld lærlingar har vi gjennom fleire år hatt det innan oppvekstsektoren, men det er ikkje lagt inn midlar til dette i budsjettet.

4.3 Arbeidsmål

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglende resultat – ikkje gjennomført
Mål 2018	Status	
Gjennomføre krav knytt til GDPR (General Data Protection Regulation)	Gjennomført	
Følgje opp rutinar for å redusere og hindre vald og truslar mot tilsette.	Ny rutine vedtatt	
Rullere kommunen sine etiske retningslinjer	Påstarta. Ferdig i 2020	
Gjennom folkevaldopplæring og årlege felles møte ha fokus på kommunens arbeidsgjevarstrategi for å få ei god forståing av kvarandre sine roller.	Gjennomført	
Vedta og ta i bruk eit årshjul som styrer den samhandlinga mellom politikk og administrasjon.	Gjennomført	
Styrke AMU sitt arbeid gjennom felles HMS dagar og større fokus på vernetenesta	Ny bedriftshelseteneste på plass	
Legge til rette for inntak av lærlingar og arbeidspraksis.	Ikkje gjennomført av budsjettmessige årsaker	
Vidareutvikle det sosiale årshjulet for å skape fellesskap med sosiale aktivitetar.	Gjennomført	
Utarbeide ein Kompetanseplan som sikrar at kommunen har utvikling og endringskompetanse i høve til oppgåveløysing.		
Betre HMS-arbeidet med fokus pga risikovurdering av fysisk og psykisk helse, vernerundar og internrevisjon samt følgje opp avvik og forbetringspotensiale med tiltak ute i verksemndene.		
Arbeide for eit mål om at fråværet ikkje skal overstige 5,3 %.	Fråværet var for 2019 på 6,84 % i gjennomsnitt.	


Ha fokus på leiarrolla. Arrangere to leiarsamlingar pr. år med fokus på det å vere leiar i Hemsedal kommune, utdanne og kurse leiarar	Innovasjonssamling i mai, og ROS samling.	Green
Gjennomføre OU prosess i helse og oppvekst. Få på plass ein leiarstruktur som er lik i heile kommunen	Ikkje gjennomført i helse.	Yellow
Oppdatere personalpolitiske styringsdokument	Gjennomført iht plan.	Green
Arbeide med å redusere ufrivillig deltid	Helse- og omsorg har fokus på dette, men vi har ikkje gjort nok.	Red

4.4 Sjukefråvær

Hemsedal kommune arbeider systematisk med mål om redusert sjukefråvær og i høve til mange andre arbeidsgjevarar er sjukefråværet relativt lågt. Korttidssjukefråværet er over tid lågt, noko som pleier å vere ein god indikator på trivsel.

	2016	2017	2018	2019
Totalt fråvær	6,1 %	7,4 %	5,6 %	6,9 %
- herav kort-tidsfråvær	1,7 %	1,9 %	1,7 %	1,9 %

Totalt fråver - 2017 - 2019 - månad for månad (og gj.snitt for heile året)



4.5 Internkontroll

Rådmannen har ansvar for internkontroll i kommunen. Rådmannen har hatt internkontroll som tema på leidarmøte, leiarane skal ha tilsvarende gjennomgang med sine tilsette.

4.6 Likestilling

Fordeling mellom kvinner og menn totalt er om lag på det som er gjennomsnitt for kommunane.

Mål om å auke talet menn innan oppvekst har ikkje lykkast. Det var pr. 1.12.2019 totalt 12 menn mot 14 pr. 1.12.2018. I Helse og omsorgsetaten har derimot talet menn helde seg tilnærma stabil med 18 menn pr. 1.12.2019 mot 19 menn pr. 1.12.2018. Vi er ei lita kommune med stort mangfold som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet.

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	212	49	81	19
Sentraladministrasjonen	14	2	88	13
Oppvekst	91	12	88	12
Grunnskole	45	7	87	13
Barnehager	42	1	98	2
Fritidshj/skolefritidsordn	2	2	50	50
Øvrig oppvekst	2	2	50	50
Helse/sosial	86	18	83	17
Administrasjon	5	1	83	17
Alm helsevern	18	2	90	10
Alders- og sykehjem	30	3	91	9
PU	12	10	55	45
Hjemmehjelp/-sykepleie	21	2	91	9
Kultur	2	1	67	33
Teknisk sektor	18	16	53	47
Ymse	1	0	100	0

5. Økonomiperspektivet

5.1 Driftsrekneskap

Kommune-Noreg opererer med fleire resultatbegrep. Netto driftsresultat er det mest normale å referere til. I tillegg vil kommunestyre normalt bli presentert for eit begrep som heiter «rekneskapsmessig meir-eller mindre-forbruk».

Netto driftsresultat er eit mål for å vise handlefridomen til ein kommune. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad den ordinære drifta kan bidra til eit overskot, ev. til å finansiere investeringar og avsetningar til seinare år. «[Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi](#)» anbefaler at netto driftsresultat over tid bør være $\geq 1,75\%$ av brutto driftsinntekter. For Hemsedal kommune vil dette seie at vi bør ha eit netto driftsresultat i kroner på om lag 4 mill. kroner eller meir. Begrepet er komplisert å nytte utan vidare ettersom både inntekter og utgifter som gjeld sjølvkost-området reknast med. Dersom sjølvkostområdet får store inntekter for t.d. påkoplingsgebyr, så betrar det netto driftsresultat, men pengane er ikkje kommunen sine, men må settast av på bundne fond. Det same vil vere tilfelle med tilskot frå staten og andre postar med bindingar om bruk og avsetning.

I 2019 er det avsett netto store beløp til sjølvkostfond, m.a. for tilkoplingsavgift. Dette er ekstraordinære inntekter på sjølvkostområdet som bles opp inntektene, brutto og netto driftsresultat, men som blir satt av til bundne fond. Om lag 5 mill. kroner utgjer sjølvkostinntekter i 2019.

I tillegg har kommunane eit noko spesielt opplegg som heiter premieavvik. Dette er «papirpengar» som blir berekna etter eit sett med kriterier fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunane betaler gjennom årlege pensjonspremier til KLP og STP i praksis mindre enn kva som må til for å dekke framtidige pensjonskostnader. I staden for å føre dette ei gong for alle gjennom ei balanseføring må kommunane korrigere dette årleg i rekneskapen som ein rein papir-transaksjon. Resultatet er at kommunen risikerer å få ein kostnad det eine året og ein inntekt det neste året, utan at kommunen er i stand til å påverke dette. Men føringa verkar på brutto- og netto driftsresultat. For 2019 er konsekvensane netto 3,5 mill. som reduksjon av dei sosiale kostnadene, men altså ikkje som pengar.

Vidare; når det gjeld KLP kan kommunen nokre år føre som inntekt tilført premiefond. Desse inntektene er avhengig av at KLP får til eit overskot i si drift. For 2019 var inntektsført frå premiefondet 2,26 mill. kroner. Korkje premieavvik eller premiefond bør reknast med når budsjettet blir utarbeidd.

Hemsedal kommune hadde i 2019 eit netto driftsresultat på 5,538 mill. kroner (3,878 mill. kroner i 2018), som svarar til 2,1 % av brutto driftsinntekter (1,58 % i 2018). Det var eigentleg eit godt resultat ettersom det reviderte budsjett-målet for 2019 var minus 3,3 %.

Av netto driftsresultat skal noko settast av til fond (m.a. sjølvkostfond og tilskot frå andre med binding om bruk), men det skal også nyttast av fond i samsvar med vedtak gjort av kommunestyret, samt bruk av sjølvkostfond og tidlegare avsetningar). Vi endar etter bruk av fond og avsetningar til fond med eit rekneskapsbegrep som heiter:


Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk. Dette målet er det reelle skillet mellom kva som er kommunen sine inntekter frå eige drift, frå sjølvkostverksemde samt bruk av tidlegare avsetningar fråtrekt tilsvarande utgifter.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket var i 2019 kr. 10.098.026,44

Det er dette resultatet som kommunestyret ved behandling av rekneskapet skal ta stilling til.

5.2 Netto driftsresultat over tid

Netto driftsresultat (blir også kommentert i sjølve rekneskapsdokumentet).



Som ein kan sjå av diagrammet over har kommunen budsjettet pessimistisk, men fått eit meir positivt rekneskap enn det ein har lagt opp til. Det er likevel ein tendens, rekneskapsresultatet før 2018 var betre enn både 2018 og 2019. Ser ein på det «reelle» netto driftsresultat, så er det ein tydeleg tendens:

Som synt til i punkt 6.1 skuldast mykje av avviket tre forhold; sjølvkostinntekter (skal setjast av til fond), premieavvik og premiefond. Totalt dreier desse spesielle inntektene seg om nær 10,8 mill. kroner. Ein bør ikkje budsjettere med desse tre elementa ettersom dei er relativt usikre.

Rådmannen pleier difor å syne det korrigerte, netto driftsresultatet som i 2019 er negativt med 5,255 mill. kroner. Dette talet representerer den ordinære drifta av den kommunale verksemda. Innføring av egedomsskatt for heile kommunen vil kunne hjelpe på dette, men den ekstra inntekta er meint å dekke forventa auke i finanskostnader.

I 2019 har kommunen hatt netto meirinntekter på frie inntekter (skatt og rammetilskot) på 4,78 mill. kroner. Mesteparten av desse inntektene er gått med til å dekke meirforbruk på avdelingane.

5.3 Driftsinntekter over tid

	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019	Rev. B 2019	Avvik R 2019-B2019
Driftsinntekter (i heile 1.000 kroner)						
Brukertilbetalinger	8 683	9 097	9 692	10 164	9 603	561
Andre salgs- og leieinntekter	33 826	29 047	36 877	38 891	32 573	6 318
Overføringer med krav til motyelse	35 281	30 199	29 390	33 046	13 061	19 985
Rammetilskudd	68 460	69 845	67 567	70 605	75 800	-5 195
Andre statlige overføringer	11 119	15 471	8 367	9 519	8 542	977
Andre overføringer	2 689	101	805	495	28	467
Skatt på inntekt og formue	69 719	76 758	84 916	89 794	79 880	9 914
Eiendomsskatt	9 862	7 135	5 785	5 326	6 400	-1 074
Andre direkte og indirekte skatter	2 743	2 727	2 728	3 084	3 000	84
Sum driftsinntekter	242 383	240 379	246 126	260 924	228 887	32 037

Avvik – MINUS-tal betyr meir inntekter enn budsjettet – sjå også kommentarar i rekneskap for 2019 – punkt 3

Spesifikasjon av vesentlege avvikspostar:

- Andre sals- og leigeinntekter – 6,7 mill. kroner i meir-inntekter. I hovudsak gjeld dette tilknytningsavgifter på sjølvkostområdet. Ev. meirinntekter skal etter regelen setjast av til sjølvkostfond. I tillegg gebyr på byggesak og kar-/oppmåling
- Overføring med krav til motyting – 14,7 mill. kroner i meir-inntekter.
 - Av dette er 5,2 mill. kroner refusjon for sjukdom og svangerskap. Vi budsjetterer ikkje med sjukdom og kostnader relatert til sjukdom, og dermed heller ikkje inntekt knytt til sjukdom
 - Andre statstilskot syner 7,3 mill. kroner meir i inntekter enn budsjettet. Dette inkluderer ymse tilskot frå statleg hald til prosjekt og satsingar og vil normalt ha ei tilsvarende utgiftsside. Pengar som ikkje blir nytta må setjast av til fond eller betalast attende
 - Refusjon frå andre kommunar med 3,3 mill. kroner meir enn budsjettet, i hovudsak inntekter til skuleverket for refusjon for skuleplass, ofte med samsvarande auka kostnader
- Netto auke i frie inntekter – skatt på inntekt og formue korrigert for justert rammetilskot – nær 4,7 mill. kroner i meir-inntekter
- Eigedomsskatt syner ein reduksjon i høve på budsjett med nær 1,1 mill. kroner. Dette talet er noko for stort, men skuldast sak mot Statnett AS. Det vil bli ei etter-fakturering som vil komme rekneskap 2020 til gode

5.4 Frie inntekter over tid

Frie inntekter i heile 1.000 kroner	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019
Skatt på inntekt og formue	-69 719	-76 758	-84 916	-89 794
Rammetilskot	-68 460	-69 845	-67 567	-70 605
Totalt frie inntekter	-138 179	-146 602	-152 483	-160 399

Frie inntekter er til kommunen sin disposisjon og blir rekna ut etter eit sinnrikt fordelingssystem. Inntektssystemet gjer det mogeleg å tilby tenester til alle innbyggjarane i Noreg. Dei frie inntektene kan nyttast som dei vil til å produsere varer og tenester til innbyggjarane i kommunen.

Utviklinga i inntekter har vore positiv i Hemsedal, sjølv når auka i folketaket har flata noko ut. Dei store skatteinntektene førar til reduksjon i rammetilskotet, men heldigvis ikkje fullt ut.

Budsjettet for dei frie inntektene blir lagt på bakgrunn av informasjon frå statsbudsjettet og berekningar frå KS. Dei frie inntektene er ikkje heilt sjølvsagt å rekne med, den einskilde regjering vil ha forskjellige måtar å nærme seg korleis fordeling mellom kommunane skal vere. Det vil normalt vere risikabelt å legge ei prognose på framtidige frie inntekter.

5.5 Driftsutgifter over tid

Driftsutgifter (i heile 1.000 kroner)	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019	Rev. B 2019	Avvik R 2019-B2019
Lønnsutgifter	114 073	118 569	124 116	135 771	121 509	14 262
Sosiale utgifter	26 736	27 576	28 295	30 546	33 759	-3 213
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	33 739	35 314	33 853	38 755	32 237	6 518
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	39 047	33 794	41 357	39 652	37 153	2 499
Overføringer	11 940	11 006	12 249	14 238	11 731	2 507
Avskrivninger	10 382	10 867	10 903	12 000	10 614	1 386
Fordelte utgifter	-64	-144	-27	-75	-	-75
Sum driftsutgifter	235 853	236 982	250 747	270 888	247 003	23 885

Avvik – MINUS-tal betyr mindre utgifter enn budsjettet – sjå også kommentarar i rekneskap for 2019 – punkt 3

Dei vesentlege postane gjeld:

- Løn og sosiale kostnader – 14,2 mill. kroner i meir-forbruk, der 7,0 mill. kroner er refundert frå NAV i samband med sjukdom og svangerskap. Dette er eit betydeleg meirforbruk som vi må få kontroll på
- Sosiale utgifter syner eit mindre-forbruk på om lag 3,2 mill. kroner. Dette høyrer saman med premieavvik og premiefond, som er nemnd fleire stader
- Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen – om lag 5 mill. kroner i meirforbruk. Meirforbruket er fordelt på mange ansvar. Noko meirforbruk heng saman med auka aktivitet som skapar auka refusjon / tilskot. Men rådmannen må nok ha eit sterkare fokus på desse kostnadene
- Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen – nær 2,5 mill. kroner i meirforbruk. For ein stor del er dette relatert til kjøp av plassar intermediær avdeling ved Hallingdal sjukestugu, samt kjøp av skuleplassar frå andre kommunar

5.6 Løn og sosiale kostnader – over tid

Arbeidskraft er ein viktig faktor i det kommunale tenestetilbodet. For nokre avdelingar utgjer lønskostnader og sosiale kostnader i form av pensjon og arb.g.avg. opp mot 90 % av dei totale kostnadene ved avdelinga. Kontroll på lønskostnadene og utviklinga av desse er difor spesielt viktig. Blir ein nøydd til å redusere på driftskostnadene må dette følgjeleg skje ved å effektivisere drifta av personellet, dvs. gjere jobben med færre tilsette.

Sjukdom og svangerskap betyr mykje for korleis kostnadene utviklar seg, men vil for mykje av fråværet også gi refusjonar. Fleire avdelingar er avhengig av at det er tilsette på jobb – 24/7 – heile året. Det har ikkje vore vanleg å budsjettet med refusjon for sjukdom og svangerskap, ei heller har ein hatt reserver i lønsbudsjettet for slike hendingar. Rådmannen meiner dette er fornuftig å fortsette med.

Premieavvik og premiefond påverkar verdiane for dei sosiale kostnadene, men er ikkje teke omsyn til i tabellane nedanfor.

Frå tidlegare årsmeldingar er det nytta lønskostnader i høve til sum driftsinntekter i %. Frå 2018 er dette justert slik at vi korrigerer for refusjon for sjukdom og svangerskap. Tabellen har difor litt endra verdiar samanlikna med 2017-årsmeldinga. Frå 2017 er det naturleg med ei auke, men vi bør sjå etter om utviklinga frå 2018 til 2019 fortsetter i 2020.

	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019
Lønn og sosiale kostnader / driftsinntekter	57,1 %	59,8 %	61,0 %	62,6 %

Ein annan måte å sjå utvikling i lønskostnader er å sjå lønskostnader fråtrukke refusjon for sjukdom og svangerskap opp mot netto driftskostnader – kor stor del av våre kostnader går til netto løn og sosiale kostnader:

	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019
Lønn og sosiale kostnader / driftsutgifter ekskl. mva.	62,7 %	64,9 %	64,1 %	64,5 %

Tabellane som syner utvikling i løn og sosiale kostnader peiker ikkje i nokon dramatisk retning og er ikkje å sjå på som urovekkande pr. 2019.

5.7 Verksemdene – avvik rekneskap

5.7.1 Rådmannen med stab – sentrale inntekter og kostnader (alle tal i heile 1.000 kroner)

	R 2019	B 2019-KORR	B 2019-1	R 2018	Avvik R 2019 - B 2019
10 - Sentraladministrasjon					
Løn og sosiale kostnader	12 974	13 183	13 009	11 453	-209
Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	5 289	5 886	4 886	3 454	-597
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	6 668	6 879	6 879	6 373	-211
Overføringsutgifter	1 008	1 119	2 389	516	-111
Finansutgifter	3	75	75	3	-72
Sum utgifter	25 942	27 142	27 238	21 799	-1 200
Salsinntekter	-370	-441	-441	-456	71
Refusjonar	-1 417	-1 316	-1 066	-801	-101
Overføringsinntekter	-1	-	-	-	-1
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-65	-30	-30	-2 010	-35
Sum inntekter	-1 853	-1 787	-1 537	-3 267	-66
SUM gruppeansvar - rådmannen med stab	24 089	25 355	25 701	18 532	-1 266

	R 2019	B 2019-KORR	B 2019-1	R 2018	Avvik R 2019 - B 2019
10 B - Sentraladministrasjon, finans og annet					
Løn og sosiale kostnader	-5 722	-	-	3 109	-5 722
Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	-	-	-	1	-
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	300	-	-	-	300
Overføringsutgifter	925	-	-	-	925
Finansutgifter inkl. årets mindreforbruk på 10.089.026,44	38 479	26 629	22 302	39 996	11 850
Sum utgifter	33 982	26 629	22 302	43 106	7 353
Salsinntekter	-10	-	-	-12	-10
Refusjonar	-75	-	-	-	-75
Overføringsinntekter	-175 054	-170 622	-170 622	-165 707	-4 432
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-39 438	-34 137	-24 809	-31 096	-5 301
Sum inntekter	-214 577	-204 759	-195 431	-196 815	-9 818
SUM gruppeansvar - rådmannen finans og annet	-180 595	-178 130	-173 129	-153 709	-2 465

Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!

Tabellen er justert noko frå tidlegare år for å syne rådmannen med stab sine direkte kostnader og inntekter utan å blande skatt, rammetilskot, pensjon m.m. inn.

10.A Sentraladministrasjon:

Rådmannen med stab syner eit netto mindreforbruk på 1,266 mill. kroner, hovudsakleg som følgje av mindre utgifter enn budsjettet.

M.a. er ikkje alle fakturaer motteke frå selskap som har taksert eigedomane. Det har også vore uløna permisjon i sentraladministrasjonen.

10.B – Finans og annet:

Her er det store avviket reduserte kostnader til pensjon som fylgje av premieavik og premiefond (ført som løn og sosiale kostnader). Vidare høgare renteinntekter som fylgje av høgare rentenivå en budsjettet

Vidare er det ført kostnader til Hemsedal Energi KF for å forvalte krafta til kommunen (300.000) samt berekna skatt på forteneste ved sal av andelskraft (925.000) – ny avtale i 2019. Desse vart ikkje budsjettet. Avvik på inntektene gjeld overføringsinntekter (frie inntekter, integreringstilskot og eigedomsskatt).

Vidare gjeld avvik finansinntekter auka utbytte frå Hemsedal Energi KF og auka renteinntekter som fylgje av høgare rentenivå

5.7.2 Kultur og oppvekst (alle tal i heile 1.000 kroner)

	R 2019	B 2019-KORR	B 2019-1	R 2018	Avvik R 2019 - B 2019
20 - Kultur og oppvekst					
Løn og sosiale kostnader	66 227	57 536	55 968	59 959	8 691
Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	8 122	5 535	5 535	7 145	2 587
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	2 784	2 503	2 503	4 149	281
Overføringsutgifter	4 836	3 499	3 309	3 213	1 337
Finansutgifter	544	-	-	165	544
Sum utgifter	82 513	69 073	67 315	74 631	13 440
Salsinntekter	-6 272	-6 297	-6 217	-5 878	25
Refusjonar	-11 282	-670	-670	-9 451	-10 612
Overføringsinntekter	-498	-	-	-941	-498
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-480	-	-	-1 077	-480
Sum inntekter	-18 532	-6 967	-6 887	-17 347	-11 565
SUM gruppeansvar - kultur og oppvekst	63 981	62 106	60 428	57 284	1 875

Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!

Det er store avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng godt sammen med omsyn til utgifter og tilsvarande inntekter. Rekneskapen syner netto eit meirforbruk på 1.875.000 kroner.

Årsaken til meirforbruket er i grove trekk:

- Krav frå Læringsenteret feil utbetaling i 2017 430 000 kr
- Logoped 130 000 kr
- Ekstraordinært tiltak barnehage januar-juni 260 000 kr
- **Inntak av barn på Ulsåk barnehage – 1 nytilsett**
- Barnehagebarn i annan kommune – refusjonskrav 245 877 kr
- Uteståande krav 75 000 kr
- Ekstrahjelp vart ikkje budsjettert i 2018 96 000 kr

Vi ser ikkje at dette er utgifter som vil koma i 2020

5.7.3 Helse og omsorg (alle tal i heile 1.000 kroner)

	R 2019	B 2019-KORR	B 2019-1	R 2018	Avvik R 2019 - B 2019
30 - Helse og sosial					
Løn og sosiale kostnader	67 745	59 467	58 437	55 479	8 278
Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	6 928	4 192	4 192	6 627	2 736
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	17 894	16 091	16 091	18 439	1 803
Overføringsutgifter	1 922	1 569	1 569	2 255	353
Finansutgifter	799	-	-	1 252	799
Sum utgifter	95 288	81 319	80 289	84 052	13 969
Salsinntekter	-5 673	-4 354	-4 354	-5 155	-1 319
Refusjonar	-15 051	-7 680	-7 680	-14 323	-7 371
Overføringsinntekter	-154	-	-	-83	-154
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-1 690	-	-	-1 475	-1 690
Sum inntekter	-22 568	-12 034	-12 034	-21 036	-10 534
SUM gruppeansvar - helse og sosial	72 720	69 285	68 255	63 016	3 435

Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!

Det er store avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng til dels sammen med omsyn til utgifter og tilsvarende inntekter. Rekneskapen syner netto eit meirforbruk på 3.436.000 kroner. Frå 2018 til 2019 har netto-kostnadene auka med 9,7 mill. kroner.

Årsaken til meirforbruket er i grove trekk:

- Overforbruk lønn Bygdaheimen og heimetenester kr 2.100.000
- Barnevern kr 1.400.000
- Fysioterapi, hjelpeMidla kr 243.000
- Kjøp av varelager frå legetenesten kr 450.000
- Bråtenjorde, ny heimel kr 350.000

Meirforbruke på Bygdaheimen og i heimetenesten er avhengig av mengda bebuarar og deira behov, dette er ein trend som vil fortsette i 2020.

Varelager legetenesten vil i hovudsak fakturerast vidare til ut brukarar.

HjelpeMidla til fysioterapi må erstattas jevnleg, politisk var dette ikkje prioritert i 2019. Fleire heimebuande pga ikkje ledig kapasitet på Bygdaheimen vil auke behovet for hjelpeMidlar.

Brukar på Bråtenjordet krev meir avlastning og det var behov for ny heimel

5.7.4 Teknisk (alle tal i heile 1.000 kroner)

	R 2019	B 2019-KORR	B 2019-1	R 2018	Avvik R 2019 - B 2019
40 - Teknisk					
Løn og sosiale kostnader	24 717	24 591	24 112	21 972	126
Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	18 793	17 115	16 805	17 066	1 678
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	12 005	11 680	11 680	12 397	325
Overføringsutgifter	5 547	5 544	4 216	6 265	3
Finansutgifter	7 316	3 020	3 020	7 045	4 296
Sum utgifter	68 378	61 950	59 833	64 745	6 428
Salsinntekter	-36 805	-31 084	-31 684	-35 093	-5 721
Refusjonar	-5 222	-3 395	-3 317	-4 816	-1 827
Overføringsinntekter	-3 115	-3 028	-3 028	-3 437	-87
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-3 431	-3 059	-3 059	-6 522	-372
Sum inntekter	-48 573	-40 566	-41 088	-49 868	-8 007
SUM gruppeansvar - teknisk	19 805	21 384	18 745	14 877	-1 579

Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til reknesapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!

Det er store avvik mellom fleire av dei einskilde artsgruppene, men desse heng for fleire postar saman med omsyn til utgifter og tilsvarende inntekter. Rekneskapen syner netto eit mindreforbruk på 1.580.000 kroner. Dette er etter at vi har satt av til fond og brukt av fond (næringsfond, disposisjonsfond og sjølvkostfond)

Årsaken til netto mindreforbruk er i grove trekk:

- Vakans i stillingar knytt til byggensak og plan
- Betydeleg høgare gebyrinntekter i høve budsjett grunna stor aktivitet innan næringa
- Det har vore noko høgare driftskostnadar knytt til sjølvkostområde m.a. sikring av ny drikksvasskjelde Krikken. Arbeid med ny produksjonsbrønn skyvd fram, grunna problem med gml. brønner. Auka kostnadar dekka inn med langt høgare tilknytningsinntektar knytt til VA - positive sjølvkostfond

5.8 Investeringsrekneskapen

	Gjennomført som planlagt innafor vedteke ramme
	Ikkje gjennomført som planlagt, men ikkje vesentleg avvik
	Ikkje gjennomført, vesentleg avvik

P.nr.	Brutto investeringer i anleggsmidler - spesifikasjon	R 2019	B 2019 - REV	Status
004	Avvik brannstasjon, lager/verksted teknisk	254	263	
005	Investering bygg, jfr. Plan for vedlikehald/inv	2 152	2 160	
007	Veglys	277	1 115	
008	Utvikling sentralskole + HBU	683	705	
010	Krikken - ny drikkevasskilde	2 393	-	
020	Tiltak gamle Venås bru - overtaking og sikring	-	240	
025	Bruøyne med friområder	18	100	
038	Asfaltering Svøø III bustadfelt	749	1 550	
039	Utbreiing Øynevegen - trafikksikring	419	900	
046	El-ladestasjon for kommunale biler	118	130	
053	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg	746	800	
057	Bygdaheimen - velferdsteknologi	-	280	
078	Nytt avløpsanlegg - Tuv	-	400	
094	Utbetring veg Gjuva - Grøndalsvegen	996	1 037	
100	Bru Bruøyne - K.sak 50/2019	1 990	2 000	
108	Høgdebasseng Holdebakken	2 525	1 000	
112	Salg av kommunale boliger - Skadvin barnehage	31	-	
115	Utvikling av bustadfelt BU7	552	450	
116	Øya camping	47	-	
125	Tuv barnehage - leikeplassutstyr	90	75	
139	Ny innløppspumpestasjon - Trøim RA	928	1 351	
142	Etablering gang-/sykkelveg Moavegen - Lauparvegen	31	-	
143	Utbygging Fiskum (Trøim sør)	392	710	
149	Utbygging Svøø	578	-	
157	Dagsenter, omsorgsboliger m.m.	20	-	
160	Rehabilitering ledningsnett - Ulsåk	-	367	
164	EPC-bygg over 1.000 m ²	3 527	2 822	
180	CIP-anlegg Ulsåk renseanlegg	2 035	2 300	
228	Utbygging VA-nett via Tinden	-	184	
239	Lettere gangveg Moavegen - Tuv	3 381	2 121	
	NETTO - investert (i Budsjett er mva. inkl).	24 932	23 060	
	MVA med momskompensasjon	3 712	5 154	
	Totalt - investeringer	28 644	28 214	


Kommentar til avvika;

P. nr	Prosjektnavn	Nødvendige kommentar til avvik i høve gjennomføring av investeringar
010	Krikken – ny drikkevasskjelde	Arbeid med produksjonsbrønn på Krikken er skuvd fram i tid i høve Hovedplan for Vann. Tiltaket innarbeid som nytt tiltak gjennom året.-
025	Bruøyne friområde	Innkjøpt stolper for å heve bru på sæørsida av øya. Gj.føres 2020.
039	Trafikktiltak Øynevegen	Arbeidet påstarta – vert sluttført 2020 jfr. arbeide med «Farmen».
108	Høydebasseng Holdebakken	Dyrare enn venta – vert jobba med alternative løysningar. Sjå kommentar drift.
118	Utvikling BU7	Motsegn reg.plan – tidsprosessen noko forsinka
P. nr	Prosjektnavn	Kommentar til avvik i høve gjennomføring av investeringar
020	Tiltak gamle Venås Bru	Godkjent avtale med Statens Vegvesen på plass, men alt for seint til å gjennomføre – overført 2020.
100	Bruøyne bru – k-sak 50/19	Nytt tiltak som ikkje har vore budsjettert – overtaking av bruprosjekt frå Hemsedal Idrettslag



5.9 Balansen – nokre viktige samanhengar

5.9.1 Fondskapital



Fondsmidlane er delt opp i fire grupper:


- Bundne driftsfond** – øyremerka midlar motteke med binding for bruk i driftsrekneskapen. Midlane er ikke til disposisjon for kommunestyret. Sjølvkostfond er inkludert i desse fonda
- Bundne investeringsfond** – øyremerka til spesielle investeringsføremål. Midlane er ikke til disposisjon for kommunestyret
- Ubundne investeringsfond** – til kommunestyret sin disposisjon som finansiering av investeringar
- Disposisjonsfond** – kan finansiere både drifts- og investeringstiltak. Avsetning berre i driftsrekneskap. Til fri disposisjon for kommunestyre. KS har anbefalt storleik større enn 10 % av driftsinntektene, mellom anna for å kunne møte ev. auke i rentenivået

	R 2015	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019
Disp.fond i % av brto. driftsinnt.	11,8 %	13,6 %	18,7 %	19,6 %	18,4 %

Som ein kan sjå har Hemsedal kommune bygga opp ein god «buffer» i disposisjonsfondet. Etter at vi har satt av mindreforbruk 2019 til disposisjonsfond vil dette auke betydeleg. Det er viktig å nemne at akkumulert premieavvik utgjer ein relativt stor del av disposisjonsfondet.

5.9.2 Lånegjeld

Lånegjeld – fordelt på føremål:



Hemsedal kommune låner pengar til vidareutlån (startlån), til finansiering av sjølvkost-investeringar og til finansiering av eigne investeringar. Sjølvkostlån blir ikkje lånt særskilt og må bereknast ut frå aktivitet. Beløpet er difor stipulert. Alle lån er til løpende renter.

Det er viktig å vere klar over skilnaden på eigne lån og lån for andre føremål. Dei følgjande tabellane tek dette omsynet.

Gjeld i % av brutto driftsinntekter (kommunale lån til investeringar – eigenregi):

	R 2015	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019
Kommunen si lånegjeld - til invest.	116,2	117,4	122,3	131,3	133,7
Brutto driftsinntekter	224,731	242,383	240,379	246,126	260,924
	51,7 %	48,5 %	50,9 %	53,3 %	51,2 %

Hemsedal kommune er i ein gunstig posisjon pr. i dag og er relativt lite utsett for svingingar i rentenivå slik lånesituasjonen er pr. 31.12.2019.

5.9.3 Andre fordringar

(alle tal i heile 1.000 kroner)	R 2015	R 2016	R 2017	R 2018	R 2019
Kortsiktige fordringer - totalt	18 352	37 062	17 032	22 731	35 309

Dei kortsiktige fordringane er reelle, endring frå 2018 skuldast endra rutinar for overføring frå Hemsedal Energi KF. Det blir skrive av veldig få beløp som tap på krav. Oppfølginga gjennom året er god.

5.10 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune – andre kommunar

KOSTRA (KOmmune-STAT-RApportering) er meint å gje styringsinformasjon om ressursinnsats, prioriteringar og måloppnåing over tid og samanlikna med andre kommunar. Hemsedal kommune er i [KOSTRA-gruppe 2](#). Nes og Gol er dei andre Hallingdals-kommunane i denne gruppa.

Enhets:	0618 Hemsedal 2018	0618 Hemsedal	0616 Nes (Buskerud)	0617 Gol	Krødsherad	Lærdal	Nore- og Uvdal	
FINANSIELLE NØKKELTALL								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-1,9	-4,1	-2,7	-0,5	3,1	-2,4	-1,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	1,9	2,2	-3,5	-2,0	4,3	-1,4	0,2
Frie inntekter i kroner per innbygger	Kroner	61 460	64 521	65 018	62 835	69 963	69 085	73 348
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	20,6	19,0	2,2	14,7	28,7	1,7	6,6
Arbeidskapital ex premieavvik i prosent av brutto driftsinnt.	Prosent	40,7	40,7	8,2	22,5	45,4	23,1	28,9
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	64,0	71,2	73,4	81,6	108,2	113,0	60,6
Netto låneegjeld i kroner per innbygger	Kroner	64 892	65 193	75 835	85 998	94 170	134 554	49 594
PRIORITERING								
Netto driftsutgifter barnehagesektor, pr innbygger	Kroner	8 553	9 997	7 126	7 172	9 281	7 257	8 328
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	Prosent	35,9	40,0	48,8	44,3	31,4	39,4	53,5
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, pr innbygger	Kroner	13 699	13 636	14 218	10 611	13 781	12 203	14 517
Barn i SFO 6 - 9 år (kommunal og privat) - pr. innbyggere 6-9 år	Prosent	70,0	77,1	32,7	31,2	64,7	43,2	56,6
Gjennomsnittlig gruppstørrelse, 8.-10.årstrinn	Elever	12,2	13,4	11,2	12,4	10,3	11,4	12,1
Lærere med universitets-/høgskoleutdanning, med pedagogisk utd.	Prosent	85,4						
Netto driftsutgifter kultursektoren, pr. innbygger	Kroner	2 537	2 689	3 165	2 803	18 958	2 825	4 355
Netto driftsutgifter pr. innbygger, kommunehelsetjenesten	Kroner	4 673	5 068	4 960	7 726	3 538	9 599	5 255
- herav førebyggende helsestasjon og skolehelsetjeneste	Kroner	952	1 216	943	723	1 211	810	845
- herav annet forebyggende helsearbeid	Kroner	745	539	327	291	132	682	66
- herav diagnose, behandling, re-/habilitering	Kroner	2 976	3 313	3 690	3 712	2 195	8 107	4 344
Netto driftsutgifter pr. innbygger, pleie- og omsorgstjenesten	Kroner	17 411	20 498	32 312	26 925	24 991	26 736	25 893
- herav aktivisering- og servicetjenester overfor pers. med funksjonsnedsetting	Kroner	842	449	2 506	1 209	638	817	830
- herav institusjon	Kroner	8 097	9 052	6 738	9 565	11 573	10 378	17 199
- herav hjemmeboende	Kroner	7 039	9 440	22 376	15 024	9 178	13 628	15 216
- herav institusjonslokaler	Kroner	1 325	1 557	692	1 127	3 602	1 913	2 648
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	Kroner	2 418	1 849	2 128	2 329	1 648	3 388	1 947
Netto driftsutgifter til barnevernstjenesten pr. innbygger	Kroner	3 323	3 282	2 724	3 077	1 137	2 500	5 395
- herav adm.	Kroner	723	941	999	1 009	853	1 088	925
- herav barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	Kroner	401	201	326	435	137	429	338
- herav barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	Kroner	2 199	2 141	1 398	1 633	147	982	1 655
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	Kroner	11 240	12 373	7 015	9 823	18 420	9 434	14 268
- herav driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innb	Kroner	8 415	9 393	5 108	6 531	8 025	6 904	9 950
- herav driftsutgifter til politisk styring, kontroll og rev. - pr. innb.	Kroner	1 415	1 656	1 282	1 096	9 214	1 856	1 607
- herav driftsutg. til forv. utgjfter eidegdomsforv.	Kroner	520	465	205	497	612	-	914
- herav driftsutg. til adm. lokaler	Kroner	890	858	420	1 699	569	674	1 797

Kommentarar:

Som for all statistikk er det viktig at tal som blir nytta til samanlikning er mest mogeleg einsarta. Det vil ikkje alltid vere tilfelle for KOSTRA. Kva for kommune ein skal samanlikne seg med er også eit viktig spørsmål.

Rådmannen treng innspel og spørsmål til tala for å kunne analysere det som er viktig for eksterne brukarar.

Statistikk er tall brukt som argumenter

Leonard Louis Levinsen

5.11 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune over tid

	Enhet	2015	2016	2017	2018	2019
FINANSIELLE NØKKELTALL						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-0,2	2,8	1,6	-1,9	-4,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	4,4	6,9	5,4	1,9	2,2
Frie inntekter i kroner per innbygger	Kroner	55 415	56 584	59 667	61 460	64 521
Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter	Prosent	12,2	13,9	18,9	20,6	19,0
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinnt.	Prosent	21,3	28,6	38,0	40,7	40,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	69,4	64,9	68,9	64,0	71,2
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	Kroner	65 323	65 575	68 766	64 892	65 193
PRIORITERING						
Netto driftsutgifter til barnehagesektor, pr innbygger	Kroner	7 288	7 977	7 782	8 553	9 997
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemannning	Prosent		28,5	32,4	35,9	40,0
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, pr innbygger	Kroner	12 072	12 451	13 359	13 699	13 636
Barn i SFO 6 - 9 år (kommunal og privat) - pr. innbyggere 6-9 år	Prosent	66,4	56,5	65,9	70,0	77,1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	Elever	11,1	9,9	11,5	12,2	13,4
Lærere med universitets-/høgskoleutdanning, med pedagogisk utd.	Prosent	86,4	91,3	81,3	85,4	
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten pr. innbygger,	Kroner	4 370	4 299	4 359	4 673	5 068
- herav førebygging helsestasjon og skolehelsetjeneste	Kroner	1 012	833	1 195	952	1 216
- herav annet forebyggende helsearbeid	Kroner	1 122	889	666	745	539
- herav diagnose, behandling, re-/habilitering	Kroner	2 236	2 577	2 498	2 976	3 313
Netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstjenesten pr. innbygger	Kroner	15 179	15 413	16 791	17 411	20 498
- herav aktivisering- og servicetjenester overfor pers. med funksjonsnedsetting	Kroner	451	630	844	842	449
- herav institusjon	Kroner	6 170	7 116	7 432	8 097	9 052
- herav hjemmeboende	Kroner	7 249	6 327	7 048	7 039	9 440
- herav institusjonslokaler	Kroner	1 309	1 340	1 467	1 325	1 557
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	Kroner	2 105	2 349	2 320	3 908	1 849
Netto driftsutgifter barnevernstjenesten pr innbygger	Kroner	2 543	2 504	2 510	3 323	3 282
- herav adm.	Kroner	771	799	803	723	941
- herav barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	Kroner	272	210	171	401	201
- herav barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	Kroner	1 500	1 495	1 536	2 199	2 141
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	Kroner	10 007	10 480	10 223	11 240	12 373
- herav driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innb	Kroner	7 414	7 696	7 437	8 415	9 393
- herav driftsutgifter til politisk styring, kontroll og rev. - pr. innb.	Kroner	1 362	1 554	1 567	1 415	1 656
- herav driftsutg. til forv. utgifter egedomsforv.	Kroner	384	423	533	520	465
- herav driftsutg. til adm. lokaler	Kroner	822	764	655	890	858

Kommentarar:

Ettersom det er utfordrande å finne kommunar som er like med Hemsedal kan det vere lurt å sjå på utvikling over tid. Tala kan syne om dei politiske prioriteringane blir følgd opp og ev. syner seg i kostnader eller andre måltal.

Det er ikkje utan vidare samanheng mellom innsats i kroner og kvalitet, tala må difor tolkast forsiktig. Brukarundersøking over tid vil kunne avklare nokre samanhengar.